

Emnenr. 5

Fylke: *Hordaland*

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: *Voss*Emne: *Vannbæring*Bygdelag: *Preppen*Oppskr. av: *Olav O. Fletre*Gard: *Fletre*(adresse): *Twinne, Voss.*

G.nr. 78 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Etter eigi røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

O. O. Fletre fødd 28/2 - 1895 bonde

SVAR

- 1) Det har vore og er brukt å bera vatn med to byttor og vass-sele. Her i bygdi vert det kalla vass-selg, han er av tre og ligg over bål akslene med utbøling for halsen midt på vass-selen. Det har vore jærnlekkjor og jærnkrokar på alle, det eg veit um. Noko særskilt namn på dei einstilte delane har eg ikkje høyr. Frå det siste hundradårskifte har det vore lite brukt bepyttor
- 2) Har ikkje vore brukt noko av dette her i bygdi det eg veit.
- 3) Dette har heller ikkje vore brukt
- 4) Det var, eller er ikkje nokon visse folk til dette. For ei tid attende var det helst kvinnfolki som bar alt vatn, men på dei mindre og middel store gardsbruki der kona som oftast var aleine med alt medan barneflakken vaks upp, der var det gjvne mannen som bar vatnet åt fjøset og kona åt

2


våningshuset. Etter kvart som
børni voks til vart dei tidleg tekne
med i arbeidet soleis ogso vassbering
både mannlege og kvinnelege.

I det siste har det meir og meir
gjenge over til å verta manns arbeid.

5) Vassbering er i bruk endå både
på vanlege gardar, mindre bruk og
husmansplass. Her i grendi er
dei likevel i fleirtal som har
innlagt vatn.

6) Som regel er det gade vass-
brunnar ikkje so langt frå huset,
og då er det berre i visse ekstra
tilfelle at det vert kjørt vatn
lenger i frå, til dømes slike
vintrar som i vinter, ¹⁹⁴⁶ med lang-
varig streng kulde, utan snø
på marki, og for mange kan det
ogso verta kjøring av vatn lenger
i frå i enkelte år sumars halv-
året.

7) Eg tører ikkje segja noko visst
um dette for heile Vasselbygdi.
Etter dei siste utskiftingane
gjer folk sitt beste med å leggja
inn vatn i fjøs og kjøken, men
eldre utskiftingar og der det ikkje
har vore utskifting er det gjerne
innlagt berre i fjøset.



Riss av vass-sele

2088